

:

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet,  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Informasjon om evaluering av tilbudet «Hent meg» i Odda

### Bakgrunn

I februar 2020 ble «Hent meg» i Odda starta opp. Tilbudet har vore i drift i over 180 dagar, og har vorte evaluert basert på dei erfaringane som har komme i denne driftsperioden.

I omkring 150 av dei 180 driftsdagane har smittevernstiltak forbunde med Covid-19 påverka resultatata til tilbudet. Dette har gjort det vanskeleg å kunna vera trygg på samanlikninga av tal reisande frå bestillingstilbudet med dei historiske reisetala frå det rutegåande tilbudet. Resultatet viser ein nedgang i talet på reisande på omkring 30%. Noko som og i stor grad og gjenspeglar nedgangen i talet på kollektivreisande elles i Vestland fylkeskommune i denne perioden. På same tidspunkt har det vore auka kostnader på omkring 28%. Kostnadsauken er i hovudsak knytt til utfordringar med å tilpassa tradisjonelle skift og turnus løysingar til eit dynamisk rutetilbod.

### Covid-19

Trass i uvissa rundt passasjertal har teknologien i HentMeg vist seg å vera nyttig. Der det elles har vore frykt for fulle bussar har det i dette tilbudet vore ein trygghet i at det har vore mogleg å automatisk sette eit tak på tal bestillingar. Det at kundane får reisa når det passar dei, og at kundane i mindre grad er avhengig av å byta buss på knutepunkt, gjer risikoen for store samlingar av menneske, mindre. Vi såg òg at når etterspørselen sokk, tilpassa HentMeg seg marknaden automatisk og reduserte talet på køyrde kilometer, tilsvarande den manuelle justeringa som vart gjort elles i fylket.

### Kundetilfredsheit

Kundetilfredsheita har vist seg å variera i dei ulike målgruppene. For eldre reisande har kombinasjonen av ny teknologi og måten HentMeg konseptet er bygd opp på, vist seg å gi eit meir uføreseieleg tilbod. For unge og unge vaksne, som i større grad klarer å utnytta teknologien og den transperansen dette gir har fått eit meir fleksibelt tilbod. Vi ser derfor at fleire unge har nytta seg av buss som reisemiddel i Odda.

### Læring i organisasjonen

Sjølv om det har vore ein utfordrande periode å prøva ut eit nytt tilbod, har prosjektet gitt stor grad av læring rundt praksisen med å nytta seg av dynamisk kollektivtilbod. Dei erfaringar og den læring vi har fått

kan nyttast vidare i Odda, men også elles i Vestland fylkeskommune. HentMeg i Odda har ei rekke utfordringar, men vi opplever likevel prosjektet som vellukka på grunn av svært nyttige erfaringar.

### **Oppsummering**

På bakgrunn av læringa som har vorte gjort i denne perioden vil ein halde fram med eit dynamisk kollektivtilbod i Odda. Men dei erfaringar vi har gjort tilseier at tilbodet må justerast slik at målgruppa primært blir unge og unge vaksne. Det betyr i praksis at det ordinære rutetilbodet blir gjeninnført fram til klokka 16:00, medan det etter klokka 16:00 blir køyrd eit dynamisk bestillingstilbod. Endringa vil skje frå årsskifte 2020/2021. I dette vil det og bli vurdert om ein kan finne rammer til å utvida opningstida for å treffa kundane som nyttar seg av trening og fritidstilbod på Eide. Det vert lagt til grunn at Tyssedal bør betenast med vanlege rutebuss, sidan distansen mellom Odda og Tyssedal fører til ein stor ineffektivitet i tilbodet.